



Jentene i redaksjonen jublar etter å ha kåra vinnar i istesten. Dei har og god grunn til å jubla over det flotte sommarnummeret dei har vore med og laga(Foto: Uskedalsposten)

No kan vi verkeleg ta mot sommaren!! Uskedalsposten sitt sommarnummer er lagt ut for salg. Som vanleg har både den yngre og den eldre del av redaksjonen gjort ein framifrå jobb. Resultatet er endå eit flott og godt, innhaldsrikt og interessant nummer av det populære bygdebladet! Det bør interessere langt utover bygdegrensene. Bladet er å få kjøpt på Spar-butikken, på Gro`s Blomster og på Lises Krambu.



Interessant sommarstoff om Rabben Camping. Her er dei 4 journalistane som har skrive det, samla på terassen på ei av hyttene. (Foto: Uskedalsposten)

Den yngre delen av redaksjonen er nye. Vi kan nok ein gang melda om journalistiske talent. Dei gjer alle ein flott jobb!! I eit sommarnummer er det svært kjekt å lesa om opprustninga som dei nye eigarane har sett i gang med på Rabben Camping. Dette er presentert på ein flott måte gjennom godt intervju med campingeigar Magne Heggøy og illustrerande bilde. Interessant! Dei 4 jentene Hanna Tvilde, Camilla M. Ripel, Thea S. Taranger og Ida Marie Eidsvik har tydelegvis samarbeidd godt her!

Dei 4 jenter har og fleire andre bidrag med kjekt sommarstoff. Ti på gata høyrer med, og like sjølvstøtt er det at dei har ein grundig gjennomført istest. Kven vinnaren vart, røpar ikkje vi her, men heilt sikkert er det at det kan vera til god hjelp når vi skal bestemma oss i jungelen av det store utvalet! Turstoff og gåter er det og frå jentene medan guten i redaksjonen, Hans Magnus S. Kårstad, bidrar med historiske fakta. Flinke ungdommar alle saman!



USKEDALSPOSTEN

Sommar 2013

8. årgang

Laussal kr. 50,-



Dei gode somnardikta pregar nummeret på ein flott måte.

Alle dei flotte dikta frå 5.klasse-elevane i Uskedalen set sitt gode preg på Uskedalsposten denne gongen. Det er ikkje utan grunn at redaksjonen har valt å profilera nettopp dette på framsida. Her er det mange diktarspirer som kan følgja i Olaf A. Gausvik og Mona Vetrhus sine spor. Inspirasjon har dei nok henta både frå dei og andre diktarar. Desse dikta er med og gjer at lesarane kjem til å ta fram sommarnummeret igjen og igjen utover sommaren.



Interessant å lesa om Reidar Myklebust(Foto: Ola Matti Mathisen)

Sjølvsagt er og den eldre garde sterkt delaktig i å sikra kvaliteten på også dette nummeret av Uskedalsposten som no er inne i sin 8. årgang. Ola Matti Mathisen har heile tida vore redaktør og skal ha hovudæra for at Uskedalen har dette bygdebladet som mange kan misunne oss! Kristian O. Bringedal har vore ein trufast bidragsytar, og han er med på laget denne gongen og.

Det er Hobbyklubben i bedehuset som står bak utgjevinga. Leiarane Tore og Britt Torill Mathisen har lagt ned eit stort arbeid heile tida. Stor ære til dei.



Portrett av Vegard Døssland er det og.(Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er faktisk ein god del interessant stoff som eg ikkje har nemnt. Det er berre å ta turen til utsalgs plassene og sikra seg eit nummer. Også denne gongen vert det nok kjærkome om vi sender til utflytta uskedelingar og andre med band til bygda!

Av: Thor Inge Døssland.